



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGER

1

ROGALAND

1954

Namnet på vatnet Gjessbråvadnet
Kommune Fjeldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga, er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind
Vasshaug.

Ø K S T R A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foretken den 8. aug. 1974.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærmere stadfest aust for Økstra i Jelsa, og med Stemaasen i vest og Bergsnuten i nord.

Arealet er omlag 20 ha og h.o.h. 304 m

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er store, meir grunnlendte partier nær land, sjølv om det sikkert vil vera eit vesentleg djup på sine stader utpå.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjermebotn dominerer på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt,

Botngras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om skogsmark, myr og snaufjell. Her veks en del furu- og bjørkeskog med einer, røsslyng, blåbærlyng m.v. som undervegetasjon.

Hovudtilsiget fell inn i sør og kjem frå Krokavatnet. Bortsett frå dette fell det inn mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i vest "Økstraelvi" og ut i Økstrafjorden.

Dei kjemiske tilhøva,

Siktedjupet er 8.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.2 som er bra for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 2.5 mg/l. Vatnet må karakteriserast som kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna $K_{18} = 26.2 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er normalt ikkje særlig stor.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom fram til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 8 muslingar, 1 vårflugelarve og 1 vannymfelarve- i alt 100 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 3 fjærmygglarver, 3 vannkalvlarver, 1 vannmidd og 1 vannnymfelarve eller samla 80 individ pr. m^2 .

På 10.0 m vart det funne 2 fjærmygglarver og 1 fjærmygguppe tilsvarende 30 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at det er lite med næringsdyr i vatnet. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretaken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne luftinnsekter (maur), fjærmygglarver, plankton (*Bythotrephes longimanus*), bøfladlus, mygg, vannkalv og biller.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov.


Horisontaltrekket var mykje fattig medan vertikaltrekket var medels rikt.

Fisk m.v.


Fiskeslaga utgjer aure og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 17 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.




Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 9 røde, 6 lys-røde og 2 kvite i fiskekjøttet.
10 av fiskane var angripne av parasittar.
Vidare var der 13 hanfiskar og 4 hofiskar.
3 fiskar var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medel lengdetilv.: i cm	4,9	10,0	15,5	18,4	22,9	27,3
Årleg lengdetilv.: i cm	4,9	5,1	5,5	2,9	4,5	4,4
Antall fiskar	17	17	16	14	7	1

Medel kondisjonsfaktor = 1,12 tilseier fisk av mykje god kvalitet.
På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Økstra-vatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år). Som vi her vil sjå, syner fisken stort sett ein normal lengdetilvekst dei første 3 åra, men etter denne tid er veksten under det normale.

Til vanleg er det 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein



vekstkurve, så når vi her berre har 17 fiskar er dette i minste laget, men ein viss peikepinn vil det gi.

Fisken går mot ei maksimallengd på snaut 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sikkert finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men det er neppe mange av desse. Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Etter dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig, men der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn.

Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsi herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg, og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Økstravatnet er noko skrint og der harde og sure bergarter dominerer (gneis, granitt). Fylgjeleg vil det bli lite med mineralstoff som gjennom tilsi blir tilført vatnet.

Ser vi på de kjemiske tilhøva er desse likevel gode, sjølv om botnprøvene og planktonprøvene gav eit magert resultat.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseindelinga, syner at fisk av ymse storleikar er representert. Det er ikkje noko spesiell gruppe som skil seg ut.

Vekstkurven er ikkje så god som ynskjeleg og av prøvefiskane var 58 % angripne av parasittar. Dette er ting som tyder på at fiskebestandet er i overkant av vatnet si bæreminne. Det er mykje viktig at det er samsvar mellom næringsforrådet og fiskebestanden i eit vatn.

Kondisjonsfaktoren er god, men denne ligg som regel alltid høgare på småfisk enn på større fisk.

Reint generelt kan ein seia, at fiskebestandet i Økstravatnet i dag består av småfallen, fin fisk.

Gytetilhøva er gode og rekrutteringa vil normalt vera sikra.

Praktiske tiltak.

Då det frå før av er starta grunneigarlag i området, må Økstravatnet inngå i dette.

Vidare må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, då det sikkert er mange som vil prøve fiskelukka nettopp i dette "idylliske" vatnet.

Vi vil vidare tilrå, at fisket blir intensivert noko i åra framover, i hove til det fisket som har vorte utevt tidlegare. Ein vil då kunna oppnå å auka medelstorleiken på fisken - noko som alle skulle vera tent med.

Rett nok tyder ikkje fangstresultatet av forsøksfisket på nokon overbefolking, men det må vera andre ting som har spela inn her, slik at dette ikkje er representativt for det fiskebestandet som Økstravatnet inneheld.

Ålen er ein mykje godt betalt matfisk som grunneigarlaget må nyttiggjera seg. Det er ikkje lite med ål som årleg går ut av dette vassdraget.

Ved å montere ei ålemér, på ein høvande stad på utfallsbekken, vil ein kunna fanga utgangsålen. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Ved å gjennomføra dei tiltaka som her er peika på, skulle ein få det heile meir under kontroll og i faste former. Vatnet ligg Lageleg til for ein fisketur, slik at grunneigarane må kunne rekne med økonomisk utbytte ved fiskekortsal.

Stavanger 12 febr. 1975
Einar Berg